

## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 18.04.2018

**Sak nr.:** 18/5610-2

**Internt l.nr.** 23146/18

**Sak:** 8/18

**Tittel:** Høringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - regional strategisk plan for kysten

**Behandling:**

**Forslag til uttale:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretekne. Dette gjeld spesielt i samband med strategiområda; etablere eit kystråd og knyte saman kysten med betre infrastruktur. Det er viktig med brukarmedverknad. Vi er oppteken av at planen tek i vare universell utforming.

**Endringsframlegg:**

Følgjande tekst leggst til i tillegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar dei kommunale råda i kystkommunane om å sende inn uttale til regional strategisk plan for kysten. Fylkesrådet legg ved uttalen dei har vedteke.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretekne. Dette gjeld spesielt i samband med strategiområda; etablere eit kystråd og knyte saman kysten med betre infrastruktur. Det er viktig med brukarmedverknad. Vi er oppteken av at planen tek i vare universell utforming.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar dei kommunale råda i kystkommunane om å sende inn uttale til regional strategisk plan for kysten. Fylkesrådet legg ved uttalen dei har vedteke.